D 00034

3.

DAGBOK

ført av

Odmund Aambakk

fra 29/5 1931 til 15/9.1931.

Østgrönland.

Mai

Fredag 29/5 1931

Fint-ver utan skodde. Hev spekka eit bjørne skinnd og eit snadde skinnd. Karlsbakk hev vore etter snadden, men utan resultat. Eg fann eit gamalt muskuss kraani i Kolle-dalen igaar i og for seg hev det vel ingi betydning, men det er eit bevis paa at hev vore muskuss i lange tider. Stor-maasen ser me kvar dag no. Karlsbak hev vore kokk.

Laurdag 30/5 ——

Sommerleg veder litt skodde utpaa kvelden. Potetkjellaren gjekk full med vatn idag me hev difor gjaska med aa laga nokkre grøfter for aa leida vatnet utifraa huset. Uppi fjell-sidane og rundt huset finna snøen fort, men ~~nett~~ paa flatane gjeng det seint-

Sundag 31/5 1931

Samverleg. Me hev heilig haldt kvile-dagen. Hev vore kokk

Maandag 1/6 1931 —

Skodde. Me var ein tur framm i Øygedalen ikveld etter at skodda letta. Me venta paa mus-kussen, men dess-verre der var ingen av dei. Karlsbak hev vore kokk. Ein av kvelpane at kenna Sussi som braut av foten hev me spjelka idag.

Tysdag 2/6 —

Over-skyet. Brak-vind fraa Vest og ein smule regn. Hev vore kokk. Karlsbak hev surt etter snadd men hev ikkje havt hell med seg

Onsdag 3/6 —

Graut-skodde. Hev lagt i blöt klæ idag. Karlsbak hev vore kokk elles med det gamle.



Torsdag 4/6 1931

Fint vær inga skodde. Hev vore kokk upamt. Hev eg vaska nokke klæplagg. Eit par snadde skinn som eg heldt paa og skal bereide hev ogso handfire ein grand men kva slags resultat eg faar det veit eg inkje endaa. Karlsbak hev surt etter snadden i heile dag men so fekk han ogso livet av ein stor svar kar, so no hev me hunde mat eit par dage minst. Hev sypra bröd ikveld.

Fredag 5/6

Samverleg. Eg hev kjagta etter snadden i heile-dag, men utan aa faa nokon. men eit par stor-maasa som flaug over Moriuket mitt, dei skaut eg begge tvo. Karlsbak hev vore kokk og bakar

Laurdag 6/6 1921

Fint-ver Soli er varm no desse dagane, det er ei lyst aa gaa ute paa tuna, som er avbert, naar ei velstøppa pipe-innmunnesa og brenden langt ned i bukkse-lummena og late soli steikje ein brun i andletet og sjaa etter mus-kuss og bjørn. Ser me ein flekk som me ikkje hev set fyr, so er det aa taka kjikerten aa fen det greidt kva det er, men hittil hev det vore ei tue eller ein stein som hev vorte avberre eller ein skiten ulkenulter. Karlsbak hev turka fisk idag, eg hev vore kokk og so hev eg lagt ibløt klæ i dag att. Det er godt ver baade til aa turke og bleikje kladi i no. Fluga hev visst lag til aa formeire seg fort, det er vel aatte dagar sidan me saag den fyrste, men no er her paa ymsdan vis av dei.



Eg barberte meg ogso ikveld det er no vel, eit halvt aar sidan sist, i alminnelegheit bruka me berre ei skjegg-maskin, som me tek ut med kvar forstande dag men forandring fryder.

Sundag 7/6

Same veret. Me hev helligholt kvile-dagen paa det strengaste idag, eg sov til middag og etter middag hev me ogso helde køya for det meste. Me hev tenkt oss i terrenget lid paa kvelden naar sni̊en kastena til, eg i dalen og Karlsbak i Nordterenget. Karlsbak hev vore kokk

Maandag 8/6

Eg gjekk kl 24 det var bra aa koma seg over elvane, fram over men naadan eg hadde vore framanfor hadde dei vokkse somykje

at sisto elva eg skulde over
maatte eg vade heilt uppi skrevet
men ojammen var det kaldt
Der var mykji fugl i Kolledalen
denne gongen, men mest gaas
eg jagde upp ein floka paa tretti
stykke vil vone ho stoppa her
so det kan verta nokre eg aa
finna tidparn

Tyrsdag 9/6

Fint ver Karlsbak kom att kl 3
idag, han hadde funne tvo rev, men
ein hadde rammen gjort kaal paa
Her vore kokk og vaskar kone
Karlsbak her laga ei stor kasse
som han hart fyll med snö
til aa bevare kjötet i for
fluga og kvalpane Litt skodde
er det ikveld



Onsdag 10/6 1931

Fint ver Her spekka og salta eit
björne-skinn idag Karlsbak her vore
kokk. Og so her han byjynt aa skure
sundmatrosen, me skal setja han
inni andre baaten, han er baade
sterkare og lettare og handtligere
paa alle maatar Eg her tenkt meg
i terrenget ikveld skal köyre ein
ein times tid

Lavöyra. Torsdag 11/6

Same veret idag som igaar
det er eit gjort ver me her so
vil vone at det varer endaa ei
stund for eg her byjynt aa
lengta etter sumaren Eg tykker
at tidi her gaat seint etter fangst-
tidi, men heldigvis det gaar ein dag
ifenn og snart her me oktober att
daa me fær byjynde aa fanga paa
nytt. kom her til kl 6 | alt med ger gamle

Juni

Fredag 12/6 1931

Over-skyjet og labeo vind fraa V. kom til Hovedstasjonen kl 6 Daa eg var komen til Trolldalen skulde eg sjaa etter ei felle som snöva ned tidleg i vinter, men det tykte Lunda-ne var for drygt og stakk av so eg maatte gaa dei fire M.mil som var att, men slikt brukar eg aa betale med rente. Karlsbak skulde funne eit gaasereir med fem egg 4, i Öjedalen igaar, idag hev han vore kokk, og vaska-klar Eg hev sove for det meste idag.

Laurdag 13/6 —

Skodde og ein laber vind fraa vest, her vore kokk Karlsbakk hev vaska kla Me noyrde Lomen inpaa elva-oyra idag Karlsbak fundde at han saag ein erfugl ogso men han var ikkji sikker paa det

Juni

Sundag 14/6 1931.

Skodde og lit kaldere ein vanleg Karlsbak hev vore kokk Me var ein tur framme dalen og tekte (?) gaase-egg men det vart bomtur

Maandag 15/6

Skodde Eg hev kallsolt stigulane mine idag og vore kokk, Karlsbak hev pjaska med motoren og vaska klæ Me var ein tur kunt i elva-osen og skaut eit par lom, det er snaat stell med kjöt med oss no og muskussen lett vente paa seg.

Tysdag 16/6

Graut-skodde og kaldt, Her vore i dale-terrenget idag, men det kunde eg ha spart meg for, det vart ikkje resultat, Elvane er store endaa so dei er leide aa koma over Karlsbak hev vore kokk og bakar Mess med det gamle.

Onsdag 17/6 1931

Litt tjuvnare hev skodda vore idag, men elles hev veret vore det same. Me hev gaska med motorbaaten Karlsbak for det mesta, for eg hev vore kokk

Torsdag 18/6

Sannverleg kanskje litt kaldare, ein liten vindpust fraa nord hev det ogso vore. Eg hev lekje iskruden av gamle baaten, me skal ta den paa fangstbaaten. Hev lagt iblot klæa idag att. Eg var so heldig, at eg fekk livet av ein snadd ogso idag. Karlsbak kom og henta baade meg og snadden di er kaate hundane no, men det er so mykje vatn paa isen denne tida og det likar ikkje hundane idfall naar di skal springa. Karlsbak hev vore kokk



Fredag 19/6 1931

Over-skyjet ingen vind. Ho vore kokk og vaska klær. Karlsbak hev lagt strandkjøl paa fangstbaaten, det er snart heve aa setja inn motoren og legga iskruden paa som er att. I morgon skal me legga han iblot so han fær trutna. Det gjeng seint med uppeløysinga, det er framleis kaldt for aa vera sumar

Laurdag 20/6

Regn og snø-byggjer hev det vore um ein annan idag. Ut i fjorden hev han sikkert blåse, men her inne hev det vore stilt. Karlsbak var ein sving framimi Øyedalen ikveld før paa dagen hev han vore kokk. Eg hev ingen ting gjort idag, var ein sving inni elva-osen aa saag um der var arfugl, som der ogso var elles med det gamle.

Sundag 21/6 1931

Laber vind fraa Nord med snö og regn. Her vore kokk elles her me tekje verdi med ro og mak.

Maandag 22/6 ——

Solskin og sumar her det vore idag med ein laber vind fraa Syd. Snöen her minka so me ser godt dagsmunen vil vore at det varer baade langt og lengge. Karlsbak her vore kokk og ikveld var han ein sving fram i Öye-dalen. Eg her vaska nokre dongri klæ ikveld för paa dagen her eg gjæska med ein kondt (jolle) som me her byrjut aa emna paa

Tysdag 23/6 ——

Sannverleg kerrel at vinden er fraa Nord idag. Me her gjæska med jollen, nu eit par dage er han ferdig. Eg her vore kokk



Onsdag 24/6 1931

Over-skyjt nordleg vind og kaldt. Utgaan Treil aya ser eg at han har snökave fyre seg vil han halde paa slik vert det ein sein sumar paa oss. Var ein tur paa Snedde jakt i fyremiddag og var so heldig aa faa livet av tre. Karlsbak kom med hundane og köyrde dei til gards med det same. Me var ein sving utpaa Storsteinneset ikveld för aa sjaa um det var langt ut til opsevatn, men nei noko særleg forandring var det ikkje, lit blaaligere saag horisonten ut til aa vera no, so det er ikkje utrulég at det her nærma seg lit. Öye-vatn venta me ikkje aa faa fyr um ein maanads tid endaa her inne, Men det hadde vore godt aa faat Stikk-keita brota av süsinga fraa baaredraget. Karlsbak her vore kokk

Juni

Torsdag 25/6 1931

Nordvestleg vind med regn og snö, alle fjelltoppar som me ser er kvite av snö. Me hev halde oss innan dörs idag. Eg hev stoppa strömpe og vore kokk. Karlsbak hev lappa nokkre bukkse og ei stund var han burt i ket kinnaindustri. Skulde berre dette fordömte surverit gjeve seg snart for eg kan ikkje fordraga det.

Fredag 26/6 19 —

Over-skyet ikkje regn, men vinden er den same som igaar. Eg hev sete som ein finne og stoppa strömpe ikveldag Karlsbak hev vore kokk. Me var inn over bräankane og speida etter muskuss, her tek det aa verta sopass avbert no at her skulde vere gode live vilkaar for han, men sidan han ikkje viser seg, maa han ha beite vidda som er like so bra som her.

Juni

Laurdag 27/6 1931

Lett over skyet ingen vind. Eg hev vore kokk, med laurdags reingjering som vanleg. Spekka og salta fire smaddeskinn det er mit arbeid idag. Karlsbak hev gjeska med motor-baaten. Isen hev minka i ei betydeleg grad denne vika, han er no laus ifraan landa rundt heile kanna og lenger ut i fjorden ser me hundreder av vassdamar som blinkar i soli, fer han like fort neste vike so vert her ei forandring fyr enn me trudde.

Sundag 28/6 —

Me hev ikke vaidi med no idag. Veret det same som igaar. Karlsbak hev vore kokk. Paa ein tur innover bräankane ifjor haust mysste eg ei godt inröykte pipe idag fann eg henne att, aa glad vart eg kan du vita.

Maandag 29/6 1931

Idag hev ver-gudane verkeleg praktisk sans eit slikt drivande uppløysingsver hev me ikkje havt før. Utover til middag var soli so varm som me ikkje hev kjent kunne før, men plusse-leg skyja kom over og vart kuling fraa Søydvest, vind byggjerne var so varme som damp. Kl 18 stilna vinden likeso plusseleg som han kom, me istaden fekk me stunt regn og no kl 22 regnar det stinnere og vare det tek til aa blaasa med no ser eg so no gjer regnet dobbelt virkning Bokan fraa elva-osane hev vokse kolosalt ho er no ikkjeldt med Trolldalen. Vill dette veret halde fram um ikkje lenger enn til i morgon so vill me faa sjaa store forandringar. Isen skulde daa vera



burgodt. som ferdig hev paa hamna Karlsbak hev heldt koya idag han hev ikkje følt seg helt bra, han tru det skriv seg fraa eit saar som han hev faat blodforgiftni er det tilfelle so er det farleg nokk for saaret er nemleg i andletet, men eg tru det neppe Me hev imidlertid tid teke dei forholdsregler som me hev kunnskap og midler til.

elless med det gamle.

Tysdag 30/6

Ujøpkalddt ver og over-skyjet med ein laber vind fraa V. Isen minker fort vekk. Karlsbak er med det same. Feberen ikveld er det same som igaarkveld 38°
Idag gjekk eg prøvetur med kunkane drivkrafti var sviktende og ho heldt ei gjenomsnitts fart pa tvo knob per døgn

Onsdag 1/7 1931

Over-skyjet laber N.V. vind, litt regn utpaa dagen Hakve kamma er no isfri, det er mykje triveligere no naar me hev opevatn med for skunt ein kan no faa ta seg ein liten rotun um ein hev lyst og svart er det ein ærfugl eller ei havelle til aa senda ei haglsturpe etter, det gjere kvar sitt Og hev pjaska og turt etter ein snadd idag, men han hev aldri vaaga seg framfyre maribakken og til aa skyta han før er ikkje lønt for han sekk som ein stein den karen Karlsbak hev vore uppe og ute idag og so aa segja fri for feber var han ikveld ogso Hev vore kokk og bakar og ei lita stund skreddar det var ei buksa rev som hadde revna og eit kne som hadde brottna av



Torsdag 2/7 1931

Over-skyjet men ikkje verre enn at sola hev skint igjenom av og til, og ein laber nordleg vind Hev laga til tollegangar paa konta eg fann ut at det er betre aa ro enn aa vrikke Karlsbak hev vore bra, me byrjade aa setja inn motoren etter middag i morgon kveld tenkjer eg han er innkomen ifall det ikkje kjem regn. Karlsbak hev vore kokk.

Fredag 3/7 1931

Lett over-skyjet N.V. vind laber Idag hev me faat sulaugt motorbaaten at imorgon skal me pröve han Hamna er no isfri aa segja berre ender og eit forsarva flaket som ligg og driv at og fram Karlsbak hev vore heilt bra idag Og hev vore kokk.

Laurdag 4/7 1931

Lett over skyet laber N.O. vind Motoren gjeng godt, me var ein tur utfyre Nordneset Isen ut i fjorden saag daarleg ut, um ein aatte dagje eller ved det, ventar eg at fjorden skal vera siglande Karlsbak hev vore kokk. I det siste hev Karlsbak tala somykje um at han vil reise heim att i vaar kit til hev eg trutt at det hev vore ein spik, men no tek eg til aa tru det er alvaaret hans.

Sundag 5/7 1931

Samveder lab vore kokk 7 etter middag var me ein tur framum Bjørdalen, me saag fire muskuss det er dei fyrste me hev set her i vaar. Me kom fram paa eit ugle-reir med tre ungar



at med reiret laag ein halvt upp eten blaarev unge, me daa var me ikkje seine um aa slaa ihel sarvet er det med rev-unga dei fødde ungane sine so er det gale eg ikkje hev skote dei, for det hev eg kunna gjort monge gonger.

Maandag 6/7

Lett over skyet, etter middag mykje skodde, mange store flak hev kjeme drivande inn hamna iflag det maa vera isen ut i fjorden som hev losna det er aalfall mykje som tyder paa det det var ikkje kjikkert syn før skodda kom so me er ikkje viss paa det. Seks muskuss kom sigande laangs med fjellfoten ovanum huset ein aars kalv og tvo fjors-kalvar dei andre tre var og unge dyr

Me skaut tvo av dei. ein fjors kalv og eit eldre dyr. Det skal verta godt av faa ferskt muskuskjøt no. ein braksnut skal smake godt. Muskussen kom vist austan ifraa Karlsbak her vore kokk. Nordleg vind

Tysdag 7/7

Klaart fint ver nordleg bris lit skodde utpaa dagen. Her vore kokk, og skomaker ei stund. Karlsbak her gaaka med motorbaaten lagt ned ei tofte. og ein plitt i atter skuten. I fyre middag maala Karlsbak namn dato og aarstal paa huset, Det heiter fraa no av „bekke-huset" Hunden stod aa vera slik ei stund idag at me tok til aa tru det var bjørn i nærmunda, me tok oss difor ein tur inn over brinkane



men der fekk me syn for saken der gjekk ein muskuse flokk paa 16 dyr der av fire a fem kalva me gjekk dei ikkje sonær det kanhende der var fleire. kvar dei kjem ifraa er ei gaate. I kveld var me utpaa Laveneset på motorbaat aa henta tvo sjølskot, men skodda var so kjukk der ute, at me fekk ikkje sjaa korleis isen saag ut, saag berre at han hadde minka sidan sist me var ute og gjekk

Onsdag 8/7

Sannverleg utpaa dagen vindstille. Her arbeidt eit eksos røyr paa motoren og grove ned ein bjørne skrot og nokre raveskrota som rok med i fjøra. me trudde dei skulde sekke ned, men kvar

gjüng tjörn hev vore framme hev dei vore komne fram paa sanden at Karlsbak hev vore kokk og bakar Ikveld var me ütpaa Nordneset der var ikkje skodde idag so me fekk sjaa vest og aüst i gjenom fjorden, men isen laag dess-verre heil endaa me fer nokk venta ei god stünd endaa fyr han vert farbar

Torsdag 9/7

Ualmindeleg mildt fint ver Let over-skyjet ütpaa dagen vekslande vind Her vore kokk Karlsbak hev sett üpp flaggstong og sundan det var eit aar idag sidan me reiste fraa Stalsund heiste me flagget til toppes Ikveld var me eit stykke frami kolledalen, ein müskuss flokk paa



satte dyp som kom ned Öyedalen og for fram kolledalen kvigande gjekk me framum, der var ein aars kalv og tvo fjaars kalvar Naar me kom ned at hadde dei roa seg for natti paa ei av dei store grøne slettane som er der framme og det kunde vel for der er beite nokk. elles med det gamle.

Fredag 10/7

Over-skyjet, vind stille omtrent Karlsbak hev vore kokk og gjer med noko süt-snadder sjekk fyre middag. etter middag var me eit stykkje frammi Öyedalen og samla ekskrementer etter müskussen. Me hadde med ei raberberrot, det var formedelst Petter Röbekk som sende

kenne med, og no siste vika
her han vokse so det er eit lyst
av tjaa, den største stylken er
umalag ein dm. laang, og den
her han ikkje faat noko gjødsel
av svakke ein heller, men fraa
no av skal han faa den gjødsel
han treng. Og til gjengjeld vil eg
vona at me faar oss ei rabarbar-
suppe om ein fjortendagers tid
Der gjekk tvo flokkar med muss-
-kuss ein paa tie og ein paa dette
det kan godt hende at det var
den store flokken som me
saag for nokkre dagar sidan
som her delt seg, Tho er det
ikkje utruleg at det kan vera
nye flokkar, for her var mykje
muskuss ifjor haust. Me ser at
stor isen ut med Nordneset er komen
i drift, kan her lege der snart



eit aar no i morgen er han
komen inpaa rammen tenkjer
eg

Laurdag 11/7

Lett over skyjet ingen vind
Her vore kokk og gjort ymse
anna som fylgjer med laurdags
reingjeringa. Og skomaker var eg
ei stund. Karls baat her snudd
uppe paa tunna idag, han smurde
Baaten med raaolje og, fordi
han ikkje skal gisne. Myggen
her vore meir enn besetta til
aa bite idag, slik er det
alltid naar det er vindstille.

Sundag 12/7

Lett overskyjet laber nordleg vind
Me var uppaa fjellet ovanfor
Sevenneset idag Det er so merkeleg
stillt og fredlegt her i Antarktisk.

det er so lite ein for sjaa berre fjell
og eit gar i öde dalar, det følest
difor som ei lufting aa koma
uppaa fjellet der det er godt utsyn
„Paa høge tinnar er det vent
aa ganga" heiter det, og sant er det.
Isen ut i fjorden saag skropeleg ut
no, hadde me fatt ein kuling frå
vest eller sydvest so hadde isen
reist paa mindre enn ein dag
Ute i mundingen paa fjorden der
pakkisen og fjordisen møtest var
mykje open vatn og etter horisonten
aa døma so var det slakke millom
isen langt utover. Fjellturane
hadde vel vore tiltaare med
oss, viss ikkje det var for myggen
det er det verste kryp tid aa bit
eg veit, hadde eg valget millom tur
og mygg. so visste eg kva eg vilde gjera
Karlsbak har vore kokk.



Maandag 13/7 1931

Samuelsen har vore kokk. Me
la istund paa baaten idag
Karlsbak har grave nyje hole aat
kjøtet, me har lagra det inni
ein snøbre uppe med fjellfoten
men han minka sofort at me
maa grave nyje hole annan
kvar dag. Hundane fekk kvar sin
bit muskuss kjøt idag, det var
følt kor dei sleikte seg kring
snuten, dei tykte visst det var
godt. Muskuss kjøt er hunden
sin yndlingsrett, og lenge er det
sidan sist dei smakte det. Spekk
og halvrote snaddekjøt er maten
dei har fatt sidan tidleg
i vaar. Eg skaut paa ein snadd
idag men det vart bom. det er vist
andre snadder me har set sidan
isen reiste

Tysdag 14/7 1931

Klaart fint ver laber N.O. bris Karlsbakk har vore kokk, og har lappa ei bukkse. Me tok oss ein baattur ikveld fyrst ut til Laveneset og sidan til Nordnes, me fekk nesten runde Nordneset denne gongen, me fekk ialfall sjaa det me vilde Ein muskuss flokk paa femm dyr, der ar ein kalv som kom aust etter fjellsida tok folinga daa dei høyrde motoren han var ikkje aa sjaa nokon stad daa me kom inatt

Onsdag 15/7 —

Over skyet vekslande vind Her vore kokk. Karlsbak har vore ut i terrenget dag, og skyssa han med baaten utpaa Stor-steinneset, og ikveld henta eg han der. Han hadde vore til Kapbratt.



Torsdag 16/7 1931

Lett over-skyet, med ein liten vindpust. Me har bygt hundehus idag det er berre dør som er att aa arbeide, og so til aa ila det. I kveld var me innpaa tømmer-bukta og plukka ihop rekved, der er myckje ved att ennaa, men før neste aar er ummun har det minka betydeleg Karlsbak har vore kokk.

Fredag 17/7 —

Klaart fint ver, vinden den same som igaar. Her vore kokk og bakar. Karlsbak har gjeska litt med motoren, og vaska klær I middagstida tok me oss ein tur med motorbaaten me tykte at isen var komen innaar Laveneset, me trudde

det var

hildor, men det viste seg at han
var paa drivt. Me kom oss nesten
til Lavine-dalen og der var berre
eit smalt belte elles saag det
ut til aa vera opevatn langs med
landa til Askers-öyane. Ofram-
var der ei breid vaake som
gjekk over til Treil-öyo. Maandag
hev me tenkt aa taka oss ein tur
til Askersöyane for aa sjaa um
der er opevatn vidare til Kap-
petterson, elles med det gamle.

Laurdag 18/7

Fint ver med speglande klaar
himmel ei lita vind kjøle før
paa dagen, no vindstille
Myggen likar seg godt naar
det er vindstille. ikveld er
han rasande, det einaste som
hjelper er aa taka att utdöri



og drepe dei som er innkomne
Me hev borne med i fjöra alt
saaver som slong paa tuna.
millom anna skunde-lort, moskus-
ull beinknoka bokkar. Karlskute
hev vore kokk. Eg hev vaska
alt klar

Sundag 19/7

Over-skyjt, sakte vinden som
før. Me hev lengje tenkt aa taka
oss ein tur uppaa fjellet som
ligg millom dalane. Öye-
dalen og Kolledalen, me tok difor
alvaaret fatt og gjekk upp idag
Det var ein gjæv tur og slikt
eit utsyn og slike fjell-forma-
sjonar hev eg vist aldri set. det
var berre ei stor-syndad at
me skulde gløyma aa taka
med fotografiaparatet. Me sette

Juli

uppe for te vara og ei stein-
kobbe som Karlsbak ripla nauma
vore paa. Her er eit svært inne-
-land som ikkje finst snøkken
til lenger nord. Naar me kom
ned at tok eg meg eit sjøbad
sjøen var so varm at det var
ei lyst aa paa bløyte skrotten
ein grand, var tenk aa hoppa
burt paa eit isflak, men bestemte
meg annat og tok istaden spring-
mars uppat i huset. Her vore
kokk

Maandag 20/7 —

Over-skyet fisk austleg vind
alle var idag til Matters-vik
isforholdet var godt, me starta
difor til Kap-Petterson imorgon.
Sladde uppe stempelet paa motoren
ikveld, han vilde dike seg idag
ellers med det gamle.

Juli

Tysdag 21/7 - 31

Klaart fint ver, laber vind.
Det vart ingen tur til Kap-
petterson med oss, for Lulabakk
og Røbek kom idag kl. 6. Dei
er friske og elles alt med det
gamle med dei. Karlsbak og
Lulabakk ligg i telt og Røbek
og eg ligg inne. Det kom eit folk
liv paa hundane no sidan
kappetterson hundane kom
naar dei set i aa gjøy alle 17
so er det nesten byrjeldvande
Me har spilt litt grammofon
ikveld, ~~Det~~ er triveleg aa koma
isamen aa faa prate litt, men
det vert visst ikkje lenge for
Karlsbak og Lulabak stemt.
Gaa til skyggebukta med
litt fyrste kanhende i morgon
allereide. Her vore kokk.

Juli

Onsdag 22/7 – 31

Over-skyjet kuling fraa aust. Det vart ikkje gaat nordover med Sulabakk og Karlsbak idag, dei likte ikkje veret, me skaut femm muskuss idag me tok dei midt frammi Ottedalen og jaga dei heilt ned til stasjonen men jammen vart me svarme i skalla baade me og muskussen för me kom til gards. Karlsbak hev vore kokk

Torsdag 23/7 –

Over-skyjet laber austleg vind Karlsbak og Sulabakk gjekk idag i 17 tida, me hev ornn med kjöta idag det som skal vera til hunde mat hev me grave ned i jori og folkemat kjötet hev me bore uppi snökola der me hev grave ned det andre

Juli

Tisdag 24/7 – 31

Over-skyjet laber vind fraa nord. Rötek hev vore kokk og og baker. Me hev flytta kjötet burt i ein annan större snö-skavl idag, snöen minka so fort at det vert umuleg aa berga kjötet nokon stad snart. Rötek hev laga nokre löparar til hunde kjettingane deira. Mykje is hev sige inn fjorden idag, men det er heldigvis berre fjord is. fjorden hev vore isfri hev ut fyre no nokre dagar.

Laurdag 25/7 ——

Kuling fraa N.V. og regn Hev baka kaffibröd og vore kokk. Ein muskuss som me maatte skyte frammi dalen den dagen me tok muskuss, hev me kkyjet heim idag, me der kilde oss innan dörs idag for det maatte

Sundag 26/7 – 31

Vestleg vind overskyet litt regn utpaa dagen. Røbek har vore kokk. han serverte ein kongeleg middag idag, og etterpaa tok me oss ein god slaaps. Daa me hadde kvilt middag skulde me take oss ein tur med motor-baaten hans Gulabeg men motoren gjorde seg vrang han nekta aa gaa.

Maandag 27/7 –

Det meste regn me har havt iaar hadde me inatt fraa igaar og til idag kl 16 var det ikkje upphaldt. men daa klarna det uppe og vart bra ver, uppi høgste fjelltoppane har det vore snø, eg har vore kokk. Me prøvde motoren idag att, men idag gjekk han utan noko stuss.



Tysdag 28/7 – 31

Over-skyet vind stille. Me var utum Lavenneset idag, etter ein stor rekvedstokk, som har lege der. Me skal arbeide fatle av han. Motoren gjekk godt, han stansa berre ein gong. Røbek har vore kokk, eg har skrapa tvo runde skinn. som eg har køyptt, har tenkt aa laga meg hanska av dei til vinteren.

Onsdag 29/7 –

Samvertleg. Me har vore til materiat-dalen idag etter nokre rekvedstokka. motoren gjekk godt til dess me skulde begynde paa heimvegen men daa nekta han skvart-me rodde og sigla heim att, kom at kl 20, har vore kokk.

Juli

Torsdag 30/7 – 31

Sol og sumar idag, ingen vind. Her vaska mine køy klær. Røbek hev vore kokk. Me fang ei fenne idag det er det fyrste me hev set her i Antarktiskhamna.

Fredag 31/7 – 31

Samvirkeg laget hev idag sage av stokkane i passande lengde og kløyvt nokkre av dei, me flytte skjølet og idag seg kjende ikkje at køyklærne mine idag naar eg tok dei inn, dei hadde byte farge. Her vore kokk.

Laurdag 1/8 – 31

Over-skyet og vindstille. Røbek hev vore kokk og baka kaffibrød. Eg hev kløyvt stokka til folle. Me venta Karlsbakk og Stålabakk ikveld.

August

Sundag 2/8 – 31

Sol og sumar, utpaa dagen Over-skyet, med ei litu vind gole fraa N.V. Me hev tenkt aa taka oss ei vaake natt, inatt for me er komne so paa skeive med sømnen, det hev ikkje vore raad aa faa sova før utpaa morgon kvisten paa lenge no, og daa hev det ikkje vore raad aa tøyme seg uppe fyr over middag, men greiene me aa halda oss vakne til i morgon kveld so skal me koma paa rettkjøl igjen. Karlsbakk og Stålabakk er ikkje komne enno, me tykkjer dei tek til aa verta lenge no. Me hev helligheldt kvildagen med ein lang middagsblund.

Her vore kokk.

Maandag 3/8 — 31

Gott over skipet ingen vind
Hev baka brød idag og arbeidt
eit økseskaft. Røbek hev vore
kokk, me skaut ein roggetass
idag, alt med det gamle.

Tysdag 4/8 —

Vind fraa N.V. mildt og fint
ver elles. Me køyrde heim
muskussen idag. Karlsbak Sulebak
og Andresen kom ikveld, dei hadde
mykje nytt aa fortelja. Karlsbak
skal heim han hev fast blinde-
tarm-betendelse. Peder Røbek skal
og heim, me vert berre fire mann
att tvo her i Kong-Oskarsfjord
og tvo paa Kap-Hersel, Knut
Røbek skal Nord over til
Hersel, han og Andresen skal
vera ilag, og eg og Sulebakk her



bir. Det plusseleg forkavelse no
for Karlsbak skulle pakke alle
sine klær og fangsten skulle
pakkast, Skuta ligg paa Kap-
Petersen og venta, me skal føra
det dit nord.

Onsdag 5/8 — 31

Uventeleg Me møtte skuta
leidd nord for Askersøyane
Polarbjørn er ei staut skute
bere ved litt fart. Me fekk
frukost og middag ombord med
eit glas øl til maten, eg tykte
det var rart og sitje ved eit
dekka bord. Skipper Marø var
ein hyggeleg mann og bestemann
Vebjørn Landmark han eg
kjenner fraa før. Me fekk
forsendingane heimanfraa, det
var ei hyggeleg stund aa lesa

brevi heimanfraa det var mykje
nytt faarstaar seg. Dosent-hab
var möteskomansé og like fit no
som för, me fekk bör flagg
og mannen som skulle nord-
over vilde han föra til Kap-
herdsel men noko slags betaling
for bryderiet nögde me ikkje
snakka um det er ikkje vanle-
-leg aa vera overvintrings-
mann naar ein treffar slike
folk. Skuta gjekk nordover i
12-13 tida og Sulakakk og eg
er no paa Kap-Petterson. Ank
skal taka oss ein tur no for
me sov ikkje inatt. For
me kapprar sör over for
me skal til Antarktiskhamna
so snart raad er for hundane
stend der utan mat og drikka
og der skal me byggja sör-
over



Torsdag 6/8 - 31

Fint ver me gjekk fraa Kap-
Petterson kl 1½ til Holmsvik
paa Treilöyja daa me gjekk deri
fraa vart det vind fraa S.O.
kom til Antarktiskhamna kl 16
etter 12 timars körjing. her kokt
oss middag og gjeng no til
köys

Fredag 7/8 - 31

Fintver Me her gjalka aa laga
oss ferdig til aa gaa söraver og
byggje hus. her laga ein omn og
omnsröyr og lampa, dodda nokkre
spann som ikkje var bette til
aa ha parafin i og ymse anna
som trengst, Me hadde enogtjuge
hundar no, med dei fire som
Andresen kom fraa Kapherdsel med
me laut difor slakte hunda

naar det vart berre tvo mann her sör me slakta sju stykke idag og endaa her me for mykje me lagt nokk avöydde fleire seinare Det var eit trasigt arbeid som eg vil vore eg slöpp aa gjera uppatt, aller verst var det för fyrste hunden var daud, seinare gjekk det no bra. Me flaadde alle hundane og salta skinna. elles med det gamle

Laurdag 8/8 – 31

Fint ver, vindt fraa aust, Me her gjort oss heilt klar idag, me flytta hundane slik at dei naar i vatn sjölve og gjit dei mat til tre fire dagar, um ein times tid er me vel paa veg. Vil vona me ikkje faar noko isbrending. Sulebak her vore kokk



Sundag 9/8 – 31

Me gjek fraa Antarktikk hamn kl 21 igaar-kveld, me fekk litt motvind og baaten var godt lasta so det gjekk seint fram, utfor Kapbratt var det litt is, men ikkje so mykje at han var til hinder for oss. ca 8 kvm. innan for neset la me paa land materialen aat fyrste huset gjekk so over Innfjorden til Kapbrown og inn Karlsbergfjorden, men landet her var steilt so det var ikkje tale um og faa uppe hus nokon staa Gjekk difor atende forbi Kapbrown og inn i gjenom innfjorden paa sörsida her var godt fangetterreng so langt som me saag, og ein fin plass til aa byggja hus paa fann me, umlag femm km.

fraa neset. Daa me hadde faat
paa land materialen var kl 9.
me gjekk igang og bygge med det
same, før kvelden var komen var
huset so langt kome som det
kunne kome for materialen, det
vanta lit paa at skjaaen var
ferdig, men me fekk ikkje med oss
meir. det hev vore meiningi aa
gjera ein tur til sørover ifall
isen ikkje nekta det og gjera
istand det som ikkje er ferigt
Dette huset kalla me „Holstadt“
etter Dosent. Hol., Me hev sett
uppe teltet ned paa sanden og
kruipe mr i posane etter ent-
arbeide kokte oss ein sterk-
spelinte kaffi som smakte
godt, elles med det gamle.



Maandag 10/8 — 31

Solskin og stemar idag berre ei
svak vind gust som svalar godt
Tørna ut kl 9 idag kokte oss kaffi
og sette kurs for materialdangen
paa andre sida aat fjorden, me
brukte 1.5 time over. det virt-
ein prektig dagsmarsj vil vone
at føri vert god til vinteren.
Me fekk like langt dette huset
som Holt bad huset. Terrenget
fraa dette huset og vidare inover
er nokso flat so det kjem an paa
um rekkjeføri blir bære um
vinteren Me kalla dette huset
for „Flatstranda huset“ Me gjeng
no herifran (kl 22) til Antarktisk-
hamn me er vel der i fire
tidi

Tysdag 11/8 – 31

Det var ein kåustrun tur heimat inatt, me fekk skodde og tur var raa og kald, daa me kom til Villa huset stoggaa me og var uppe og kokte oss kaffi. Til Anfartfiskkamm komme me kl fire, me gjekk til köys og sov til middag. Utgaar dögn serverte Sulabak middag, me skaut tor graagaas paa innover tur som han hadde tilbereidt men dei var skrinne so kjötet var mesten som raagummi endaa han steikte og kokte dei ifleire timar. Og her laga til tor proviant kasse som eg skal ha ei ikvar av dei Sönste husa. Sulabak her lodda nokkre botsa som skal vera til lagge brukka. Og sögen brör.



Onsdag 12/8 – 31

Fint ver. Me kaka brör idag og vore kokk her flikka skjö-slane mina. Sulabak her ikna til materiale til 25 folle, me skal spiker ihop etter kvart me teg dei paa land, skulde me spikra dei ferdig her hadde me ikkje faat dei med oss. Me bli vist godt lasta denne turen og det er mykje som skal til og baaten er ikkje so stor, det er anna dör kol materiale mauskuns skinn som me brukka istaden for pappa, proviant olje og kaankerne vite me alt men alt medan isen er borte tapper me til og er glade Sulabak her gjekka til med motoren sin ikveld, elless alt vel.

Torsdag 17/8 - 31

Veslekari kom in her med turistar mest amerikanarar - kom hit kl 6 idag, eg vakna naar dei drog i fløyta og av hundane som heldt eit forferdeleg leven. Skipperen og maskinisten og assistenten kom paa land fyrst, seinare kom nokre av turistane. Me var umbord ein timestid fekk oss frukost og dram der var mykje kvinnder umbord men dei fleste var gamle og brukstav. Mis Boyd hovedpersonen, var paa land og fotograferte hundane og huset, ho var begeistra for at me hadde faatt rabarbenen til aa veksa her Me fekk mykje ... med maskinisten, etter eit par timers tid gjekk skuta vidare sørover ho var paa veg til Skoresbeisund og



skulde gaa heim der ifraa. Det var hyggeleg aa faa ein blikk av civilisasjonen igjen. Daa me kom fraa land gjekk me løs aa lasta baaten Veslekari dradde sovidt runda Lavenesset daa me sette igang motoren, Me stoppar fyrst med Stranda-huset og la paa land det som skulde brukast her gjekk so til Holstad-huset og la paa land resten Me bestemte oss til aa legga paa plass folkene ikveld gjek difor 1.5 time inn igjenom fjorden for det skal vare til ein passeleg dagsmars um vinteren og paa turen stende la me paa land folke terrenget var fint so me fann plassa til 21 stykkje kl er no 24 me har sett upp teltet og kokt oss kaffi. veret hev vore fint idag. med ei vind kjøle fraa aust

Fredag 14/8 – 31

Fint ver vinden den same som igaar. Det tok lenger tid aa gjera huset ferdigt ein tenkt. Sulebak fotograferte det, daa me var ferdige. Me var tenkte paa aa gaa over fjorden til Strandahuset ikveld men det hev me slutta ifraa oss me hev koka oss sjokolade ikveld for me hadde glöymt aa taka med kaffi ifraa.

Laurdag 15/8 – 31

Sammerleg. Me kom tilt til Strandhuset Kl 10. Me fekk ein fæl jobb med dette huset for me fann ikkje torv til aa ila det med som me trudde, laut difor bruke sand istaden, mura fyrst ein halv meter hög mur rundt huset ein par fot ifraa veggen, og mellom



muren og veggen fylte me daa med sand. Eg trur det var hundrade sekka sand me bar upp, og ifraa husa og ned i fjøra er vel ein 20–30 m. Me fekk ikkje gjera skjaaen heldt ferdig for det vart for lite muskuss-skinn lyt nokk gjera endaa ein tur, men veret er no bra og ikkforhaldd og so det gjeng nokk. Me starta no til Antarktiskhamn Kl 22.

Sundag 16/8 – 31

Fint ver over skyet utpaa dagen same vind kjøla som før. Kom til Antarktiskhamn Kl 2.5 gjekk til köyes og sov til middag. Me hadde tenkt aa koke oss ein kongeleg middag men me fekk oss ikkje noko vilt paa heimturen og kjötet som me hadde er surt, laut difor nöye oss med

fiske-boller og rabarber graut. Det er vel fyrste rabarber grauten som hev vore kokt paa Grönland. god var han og ikkje skal det verta den siste. Hev vore kokk.

Onsdag 17/8 — 31

Fint ver. ingen vind. Me gjekk sörover idag att. kom til stranda-huset kl tolv, me vart ferdig med husa kl 22 Fröum [illegible] kaset sit stykkje gjeng der uppe ein Tverdal som möter med Öyadalen i Antarktiskhamn Eg hev ofte tenkt eg skulde gaa igjenom disse dalane men det hev ikkje vorte. men ikveld daa daa vart me einige um at eg skulde gaa til fjells og Sulebak skulde gaa med baaten dalen. kl 24 var eg komen nesten til midt millom dalen.



Tyrsdag 18/8 — 31

Eg gjekk forbi ut for muskusflokka som hadde roa seg upper i fjellsida det var so skjönt. daa at eg fekk ikkje tel paa dei kl. 0.31 var eg komen midt uppaa vidda og fraa same plassen saag eg baade Tvaldfjord og Antarktiskhamn. var heime kl 2.5 Sulebak var komen for ein halv time sidan saag ein kvaser unge framme i Öyadalen.
Sidan me komme ut hev me gjorde og gjort oss klar til aa gaa Nordover me skal gaa imorgon sofremt veret er. Maa me tyt gjera tvo turar for me faar ikkje med oss alt utan. skal ha med oss hundsvingane [illegible] turen og materiel og parafin. Sulebak hev vore kokk.

August

Onsdag 19/8 – 31

Me gjekk ifraa Antarktiskhamn
Kl 14 hadde god bør for vinden
stod innifjorden, kom til Kap-
pettersen i 23 tida, Hunds-ungane
hadde sjøverk dei spøydde som
kjalka, men daa dei kom paa land
var dei like kaate som før

Torsdag 20/8 ——

Gjekk sørover kl 11 kom til
Antarktiskhamn Kl 24 stansa paa
Eidsneidet Lavöiyra og Nordaust-
der skaut me ein hare som skal
vidast til middags imorgon
Daa me var komne midtvegs
fekk me same vinden som me
hadde igaar so det gjekk nokkso
beint fram, men motoren gjeng
godt no, naar Sølabak passa
han og alt medan han gjeng er

August

det ikkje noko aa gramma seg for
men kalt er det aa sitja ibaaten
ein 12 – 17 timar, medan soli er
uppe er det no endaa tilgjeveleg
menn tri traugna observere for
kvar dag

Fredag 21/8 ——

Haren smakte godt til middag
idag han var baade møyr aa
god. etter ein kort middagskvil
gjekk me kl 17 nordover at. det
var ein dyr laat me hadde inne
nie voksne hunda og synast amma
graps. det var berre vanskeleg aa
faa dei til aa semjast, me
maatte staa uppover dei med
svipa til ei kvar tid. dei
er nokkso krakilske desse hundane
dei toler ikkje at dei kjem burt
i einannen, naar tre rykk i kottane
paa kvar andre

so skal dei vera der alle ikveld og hjelpa til, ingen vind idag.

Laurdag 22/8 ——

Me kom til Kaye-pettersen Kl 2 idag, daa me skulde til aa kle av oss og gaa til køye small han fram N.O. og før me fekk rigge oss til med talje til draga fram baaten med var det kuling og stiv skavl at, det var paa det siste me fekk baaten paa land før han fylte han for oss, Daa me kom ut i 11 tida hadde vinden spakna Det er over skjøya no og kjømmer uti havet ser han noko blaa og tung ut, det er ikkje sagt han er ferdig med dette.
Gulabakk har vore kokk og bakar Eg var ein tur paa jagt tenkte



eg skulde faa meg ein hare til middags imorgon, men nei eg saag ingen hare-pusa, saag berre ein flokk graa-gaas men kom dei ikkje paa hold, Gulabakk var ogso ein tur paa jagt han er betre kjend her paa Kaye-pettersen han hadde dumpa fram paa tvo stykkje, men daa var det so skumt at han raaka dei ikkje so det vert nokk ikkje middag paa oss imorgon Eg har lese mykje i Orsta-avis idag so Anna hadde sendt meg ein heil aargang det var det beste ho kunne finne paa, eg føler meg so uppeliva som eg skulde ha vore ein tur heim att. Det lid til aa mørkna no um kvelden, me sette i lappar ikveld det er ein bra tid sidan sist me brukte lappar no.

Sundag 23/8 – 31

Over-skyet lite vind fran aust som slakna av uppaa kvelden. I føre-middag var Sulabak paa kav-fagt han fekk ein og fleire saag han ikkje heller. Eg hev vore kokk begynte paa middagen med ein gong daa Sulabak kom at, medan vildo kan gaa nord paa Beinhaugen etter noko material som var der me lyt skrape ihop all den materal me hev skal me faa uppe tor hus lit som meininga er inni Forsblads fjorden. Sidan middagsmaten var ferdig hev kelde paa av tonka paa honom til no daa Sulabak kom kl 24 imillom tidi hev eg lese i Aftenposten. Sunnmørsposten og



Ørsta-avis. Aftenposten fekk me men dosent blad. det er ein stor pakke eg veit ennå ikkje kor mange eksemplarer kan innhelde men det er nesten eit hyfte å han

Maandag 24/8 – 31 –

Sunnveirleg. Me var ein tur nord paa Akerblomsøya etter ein last med rekved som me skal arbeide fakke av sidan hev eg pjuska og kokt og vaska upp. Sulabak hev hev skrua sunde motoren han skal byte veirstake den gamle hev vore stridt som i krigsent er han hev ikkje fatt kjøpt kan som han vilde.

alt med det gamle ebless.

Tysdag 25/8 – 31

Skodde med lit regn og kaldt. Ikveld lettar skodda ser no at fjell-toppane paa Freib-öya og innover landet i N.V er kvite av snö. Me vart forlikte um for aa faa mest mulig arbeid gjort at eg skulde vera heime aa arbeide folk, medan Sulabakk förte materialen paa plass inni Forsdeblakkfjorden han gjekk i tolv tida, det vart berre daarleg ver for honom det er kaldt nokk aa sitja i baaten i gode vera, idag er det no til gonge verre. I morgo tidleg er han ventande at, Eg har arbeidt tolv folk. Vil vone at dette süre veret ikkje varer lengje



Onsdag 26/8 – 31

Frisk vind fraa nord og vest-nordvest. Sulabakk kom att kl 15 han ikles slik inni Forsblakkfjorden igaar fortel han at han maatte gaa heilt inni botnen paa fjorden fyr han fekk legge iland og der laag han inatt. Eg har pjaaka og arbeidt folk her faatt talet upp i 25. Sulabakk har vore sinut sidan han kom att.

Torsdag 27/8 – 31

Kuling fraa N.V. Me har heldt oss for det meste innee idag eg har kvest ei sag og Sulabakk har pussa byssa si og vore kokk. Tok oss ei öykt no i kveldinga og sagde og klöyvde upp ein stor kjepp som Sulabakk kom med igaar til

folle materiale etter paa gjore
me ein tving uppe i fjellsidaa
og saag etter kvare var so heldig
laa paa skiutse oss kvar sin. Det
er falt for eit rabalder vind
skavlen heldt med i fjorn idag
han har no fornesten heile fjorda
til aa rote seg uppi so det er
ikkje so trygg. det er ikkje mange
isknultrane heller som ligg i
vegen for stor isen er den einaste
is me har set paa mange dage
Me hadde tenkt oss sydover idag og
skiutse oss minskassa for me er paa
for kummunat men det kan hende
me lyt halde oss ino imorgon
og det ser iallfall slik ut, slik
storm skyer som han har paa
himmelen ikveld har eg visst
ikkje set sidan eg kom paa
landet her.



Fredag 28/8 – 31
Kuling kvar han har dreia seg fraa
N.V. til N. og fraa nord til
N.V. igjen. Han slakka til
paa i middags tida men
auka paa utover dagen so
no blaas han meir enn nokon
timme. Huset skjelv rett som
det er. Har vore kalen Sulakk
her åksa til folle materialen
Me var paa jagt ikveld al-
men det vart storm paa oss
begge. Ser ut for at vinden
kan vare lenge enno det
er ingen forandring aa
sjaa [illegible], vert det
ikkje anna raad so lyt
me koke graut aat hundane
solenge. det skulde no vera
kraftig kvast skulde eg meine.

Laurdag 20/8 — 31

Fint ver, ikke gjekk sørover
kl 10 var paa land. fra Elvaneida
me saag ikkje muskusse der
men fyrste bukta sør om huset
saag me tvo stykkje nokso langt
ifraa sjøen, men me hadde ikkje
andre aa velja imillom og kjøt
maatte me ha. Me gjekk framum
dei og var so heldige at me fekk
jaga dei heilt ned til sjøen
berre ein ti femten meter ifraa
baaten var dei daa me skaut
dei. Tok med oss alt saman som
snaudt vembaane som me
munte vere til aatsel aat reven
Daa me kom heimatt kl 12 hadde
ein av hundane slite seg og byjat
aa sloss med ein som var fast
og det endte endaa med at han



hadde droge honom. Jakken heitte
han og var ein av dei største me
hadde og var den største av kvalpane
etter Tarja som daaude ifjor
Sjefferen er ein djevel som
ein aldri banka for mykje
Heldigvis har me hunda som
kjem uppat imot til fangst-
tida so det var ikkje det verste
som kunne hende.

Sundag 21/8 — 31

Fint ver N.O. leg vind.
Har vore kokk og bakar. Gutabak
har arbeidt ein omn og røyr
og ymse anna som skal til aat
eit hus. me har ikkje havt tid
til aa helligholde kviledagen
dagane kortnar og tida gjeng
forferdeleg fort og me har
dess-verre mykje ugjort arbeid
enno

Maandag 31/8 – 31

Sammverleg. Kom inni Fords-
bladfjorden Kl 20 fekk upp-
grindi fyr det vart mykje
me begynte paa inste huset
fyrst. Tysdag 1/9 – 31
Fint ver ingen vind her
inne, me har at aa ile ein
brystvegg og skjaaen so
er huset ferdigt. Har ikkje
gjeve huset namn enno.
Hadde med 25 folle som
me skal leggja paa plass
innvegan fyr me gjeng
og byggj. Det siste som er
lenger ute i fjorden her
er eit apsolutt godt fang-
stterreng. Med det ogurale
elles



~~Fr~~ Onsdag 2/9 – 31

Fint ver. I middagstida var
me ferdig med huset. me kalla
huset „Bjørktun". Me gjekk kult
inni botnen paa fjorden og paa
vegen attende la me paa plass
folle og bar stein attaat dei.
Kom lit „Bær-tun" Kl 22. Sulabakke
her kalla staden slik fordi her
var so mykje blokkebær, det er
mykjet no so me byjynde ikkje
paa huset ikveld.

Torsdag 3/9 – 31

Fint ver eller rettare sagt
storartet for soli har vore so
varm idag at det skulde ha vore
alvorleg aa arbeida men det har
gaat bra fort med oss alikevel
har at aa ile skjaaen og setje inn
ommen og glasrute. Me hadde no

vore lenger komar ifall ikkj
Sülabak maatte gaa over fjorden
til „Sentralen" (fyrst hūs som dei
bygde ifjor) han trūdde at der
var smör og flöte men det var
der ikkje, me vart manleg lens
og me vilde nödikt gaa heimat-
over for det. No var gode raad
dyre, me tok ein hare som me
skaut igaar til graut poteter
og salt hadde me i baaten og kokte
oss ein god „brensnūt" hadde ~~ikkje~~ ikkje
ein koffi kjele til aa koka i men
det var gode greier brensnūten
gjorde godt og smakte likeso godt

Fredag 4/9 – 31

Laber norleg vind. Vart ferdig
med hūset kl 14 kom til Kap-
petterson kl 19.5 Fann oss ein gjer-
dekvedstokk som me tok med oss
han var sjū famne lang maatte
dele han i fire.



Laurdag 5/9 – 31

S.O. vind lett over skyet-
Jeg har vore kokk og kaffi kokar
Sülabakk har reparert styrelame
sine, og laga sig lampa til nye
hūsa sine

Sundag 6/9 – 31

Fint ver lett over skyet-
Sülabakk har vore kokk og
bakar, eg har arbeidt fälle
Me har tenkt oss sydover imorgen
skal legge paa plass 20 fälle
og vōle litt paa dei tvo
nærmaste hūsa Elveidet og Lavöya
Paa same tid skal me skyte
oss mūss kūss til vinteren ifall
me ser flokka som gjeng lageleg
til. Litt drivis har kjeme inn
fjorden desse siste dagane det er ved
vinteren som nærma seg. Sülabakk
skaut ein snadda idag

Maandag 7/9 – 31

Fint ver, let ober skyjet utpaa dagen. Me kom til Selvaidet kl 13. vart ikkje heilt ferdig med skjaaen idag, me hev utvida slik at han er no dubbelt so stor som før, det er godt aa ha gode og store skjaaar so for ein ha haandane der so for ein ha resten av huset for seg sjølv. Me var uppe igjennom haugane her og saag etter muskus men berre eittfølgje saag me og det var ein gamal raggetag. Tenkte me skulde greide aa jage han ned til huset men det gjikk me i bein paa maatte skyte han der han var



Tyrsdag 8/9 – 31

Austlegvind over skyjet. Vart ferdig med skjaaen og gjekk vidare sydover og la paa plasse folle og saag etter muuskuus men inga muusskussen er akurat som han skulde ha vore bulisen vekk denne turen kom til Lavøyra kl 18 la paa land materialen som me skal utvide skjaaen med, gjekk so vidare inni Mosterssvik men det vart so skyjert fyr me kom dit at me vart ikk vise um der var muuskuse eller ei. Gjekk attende til Lavøyra og her ker me ror ass for natten.
Nu ser paa isen med haap og frykt han sig inn for kvar dag som gjeng, vil vone me for muuskuse imorgan so han isen kome kva tid han vill

Onsdag 9/9 — 31

Fint ver Sulebakk gjekk innfor
i Mastersvik idag og saag etter
um der var moskusi, han
kom att kl 16 og var daa umlag
ferdig med skjinnen. Han hadde
sett ein flokk paa aatte skyttar
umlag ein timmes mars fraa sjøen
Daa me var ferdig med huset
starta me til Mastersvik og kl
22 hadde me jaga sju dyr med
til baaten skote dei og tekje
innmaten utor dei. Rigga uppe
skalesja uppaa skranda og kraup
i sove-posane. Me saag ein annan
flokk paa 13 dyr og ein 5–6 ragg-
-tassa men dei gjekk so spreitt
at me fekk ikkje samling paa dei
Det er ikkje aa tvile at moskus-
bestanden er rik paa staadar



Kap-petterson Torsdag 10/9 – 31

Fint ver. Var uppe kl 7 flaadde
dyra og fekk dei inni baaten
til kl 11.5 tok alt sonder som
toveda kom til Kap-petterson
kl 18.5. Baaten var lasta so me
stansa ikkje paa Elvreidet og
tok kjøtet der. Det ser ikkje verre
ut med isen han hev sig ut
fjorden idag. Jelless med det gamle

Mastersvik Fredag 11/9 — 31

Pent ver, me gjekk til
Mastersvik idag at kom hit kl 18
fann oss ein flokk moskus paa
tolv dyr ikkje so langt fraa sjøen
jagde dei ned til baaten og
skaut dei der. Moskus ser
me alle stader kvar me snur og
vender oss Fekk flaa fire dyr
fyr det vart myrkt.

Kappetterson Laurdag 12/9 – 31
Pent ver. Kom hit kl 22 Paa me
heldt paa og laste baaten kom det
fre Kaggekassa lett attaat oss
men me vilde ikkje skyte meir
for me fekk ikkje med oss alt
i ei vend av det me allereie
hadde skote, let dei difor fara
ifred. Fær dyr og alle innvolan
let me ligg-igjen og nokkre
skinn. Naar me gjeng sudover
ein av fyrste dagane hit
Antarktiskhamn skal Sulebakk
svinge inn og taka resten naar
han gjeng nordover at meining-
er at eg skal vera i Antarktisk-
-hamn til isen legg seg og Sulebakk
hev. Det ker opsalat sin fordel
til langsamt vest sikkert, men
det gaar nokk.



Kapp-pettersen Sundag 13/9 – 31
Veret det same. Her vore kokk
og bakar. Sulabakk hev hengt-
byje koka tejtet alle hev laga
til alt som eg skal ha med
sudover hev at an dela hundane
hev tenkt oss avstad imorgon
ifall veret er det same

Antarktiskhamn Maandag 14/9 –
Fint ver. S.O. bris. Kom hit
kl 23. Det var godt mykket siste
timane so det var litt vanskeleg
og styre klar isan men heldig-
-vis var her ikkje meir is her
enn nordanfor so det gjekk bra
alikevel. Det er no tre vikor
sidan sist me var her
men alt var som me forlet-
det. Sulabakk skal gaa nord
over at i morgon.

Tysdag 15/9 – 31
Lett overskyet. S. O. bris. Sulabakk gjekk kl 12 det er ikkje noko tid no koste vekk det tid langt paa hausten no og skjeb isen kan legge seg kva tid som heilst so det var best han kom seg nord igjen for jobeller. Sidste gongen me brukte baat ifjaar var den 9 september dan kom me ass berre ut for Nordneset. so det kan vera stor forskjel paa aaringane skjynar eg. Det er idag ein maanad at til dess eg fór bijynde aa fangste og tvo maanad til dess me for möttest igjen det vert ein lang bolk aa vera aaleine i men eg har myki aa pjaska med so tidi gjeng nokk elles alt med det gamle.